

Positiv utvikling trass i låber interesse.

10.03.2017



Berre 8 framsmøtte på årsmøtet i Uskedal friluftslag.

**Trass i låber interesse frå mange av dei 10 medeigarlaga, inneheldt årsmeldinga i Uskedal friluftslag positive signal då laget heldt årsmøte på Stemneplassen torsdag kveld. Med berre 8 framsmøtte og berre 3 av eigarlaga representert, vart det likevel eit positivt årsmøte.**



Ove Myhre og Kristian Bringedal har vore sentrale i drifta av Stemneplassen dei seinare åra.

## Aktivitet.

På årsmøtet i fjor vart det sett opp 3 punkt det skulle arbeidast for. Det var auka bruk, tetting av betongplata og at ein skulle halda fram med rydding av vegetasjon. Desse måla er nådd. Når det gjeld bruken, er det særleg

utleige av møterommet som har auka. Det var utleigt 16 gonger i fjor, og til no i år er talet kome opp i 8. Laget leiger også ut høgtalaranlegg, og stolar og bord til ei svært billeg leige. Leige av møterom kostar 300,-kr pr.gong, eller 1000 kr for heile året. Då inkluderer det også medlemskontigent.

Betongplata vart grundig vaska og innsett med tettingsmiddel. Det ser så langt ut til at dette har verka, men det vart bestemt at ein skulle gjera det ein gong til for å vera sikre. Dette arbeidet vart gjort på dugnad av Ove Myhre og Audun Eik. Torgeir Feet har halde fram arbeidet med å rydja i vegetasjonen opp mot Skårhaug. Det viser no svært godt att, og er blitt mykje opnare og finare. Torgeir Feet får veden som yting for arbeidet. Litt av dette arbeidet gjenstår.

Årmeldinga fortalde elles om ein kjekk konsert med kåseri og ulike aktivitetar på forsommaren, at Festidalen brukte plassen til barneaktivitetar og at krigshistorisk gruppe i Kvinnherad sogelag og NROF har brukt plassen. Uskedal grunn- og elveeigarlag har spandert ny kaffitraktar til møterommet.

## Økonomi.

Rekneskapet viste eit lite underskot (3.145,-), men ein hadde fått inn midlar til faste utgifter som straum, vassavgift og forsikring. Laget har 15-20 tusen i faste utgifter årleg. I medlemskontigentar hadde laget fått inn 7.250,-kr. Dette har samanheng med at årsmøtet i fjor bestemte at ein skulle ha ein aksjon på bygda, og m.a. invitera til å senda bidrag som Venner av Stemneplassen. Årsmøtet gav tydeleg uttrykk for at det ikkje var godt nok når berre svært få av eigarlaga har betalt kontigent, og at det burde sendast purring til dei som ikkje har betalt. Dei er jo medeigarar i ein svært verdfull eigedom sentralt i bygda.

Medeigarlaga er: Uskedal skulemusikk, Uskedal indremisjon, Uskedal helselag, Uskedal idrettslag, Røysterrett for alle, Uskedal musikklag, Uskedal båtlag, Uskedal grunn- og elveeigarlag, Uskedal bondelag og Uskedal ungdomslag. Berre bondelaget, helselaget og musikklaget var representert på årsmøtet. Medlemskontigenten for laga er 500,- pr. år. Om dei betaler 1000 har dei gratis møterom.

Ungdomslaget har skipa til bingo til inntekt for Stemneplassen.

## Valg.

Det vart nokre utskiftingar i styret og for komande året er desse valde: Ove Myhre(leiar/kasserar) med desse styremedlemmene: Kristian Bringedal(2 år), Jofrid Eik(2 år), Einar Gjertsen(1 år) og Tormod Myklebust(1 år)

Uskedal bondelag er vald til å ordna valgnemnd..

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland